

## Søknad

<b>Søknadsnr.</b>	2013-0102	<b>Søknadsår</b>	2013	<b>Arkivsak</b>
<b>Støtteordning</b>	Bolyst 2013			
<b>Prosjektnavn</b>	Flå Veksthus			

### Kort beskrivelse

Med opninga av vegprosjektet Sokna – Ørgenvika i 2014 vil Hallingdal og Flå kunne koblast saman med større arbeidsmarknadar, som fører til at folk får større valfridom når det gjeld arbeid.

Med eit slikt perspektiv skal Flå Veksthus etablerast. Føremålet er å leggje til rette for kontorfellesskap eller «heimekontor» i eit felles veksthus.

For å lykkast med Flå Veksthus er det nødvendig med systematisk arbeid mot aktuelle målgrupper over tid.

### Prosjektbeskrivelse

Flå kommune er den minste kommunen i Buskerud. Kommunen har dei siste åra hatt ei positiv utvikling med vekst i folketalet, men det er framleis berre 1050 innbyggjarar. Befolkningsveksten dei siste åra har kome som følge av nye arbeidsplasser innan handel og service. Det har kome få barnefamiljar, men mange personar i aldersgruppa 20-30 år. Kommunen har færre barn i skulealder i 2013 enn det var i 2008, då folketallet var nede i 974 innbyggjarar.

Kommunane i Hallingdal har i mange år valt å arbeide felles med mykje av problemstillingar i forhold til bulyst og rekruttering. Hallingdal har og ein felles vedteken strategisk plan som har sterkt fokus på tiltak som kan gjera Hallingdal til ein endå meir attraktiv region å busetja eg i (Hallingdal 2020).

Hallingdal er av dei regionane i Norge med desidert minst nettoppendling.

Hovudårsaka til dette er for lang reisetid til større arbeidsmarknadar og buområde. Dette har gjort at Hallingdal i stor grad må sikre seg «eigen» arbeidskraft og «eigne» arbeidsplassar.

Med pågåande og planlagde samferdselsprosjekt ser me at Hallingdal etter kvart kan koblast saman med større arbeidsmarknadar. Noko som gjer at folk får større valfridom når det gjeld arbeid. For Hallingdal og spesielt Flå vil dette kunne bli ein viktig milepæl i 2014, då vegprosjektet Sokna – Ørgenvika blir opna. 20 min. kortare reisetid til sentralt austlandsområde vil kunne opne nye mogelegheiter. Køyretid Flå – Hønefoss; 45 min, Flå – Oslo; 90 min.

Med eit slikt perspektiv skal Flå Veksthus etablerast. Føremålet er å leggje til rette for kontorfellesskap eller «heimekontor» i eit felles veksthus som blir etablert på Flå.

Med ei slik løysing vil buplassen vera Hallingdal og kontorstaden Flå/by`n.

For å lykkast med Flå Veksthus er det nødvendig med systematisk arbeid mot aktuelle målgrupper over tid. Til dette arbeidet er forslaget å etablere eit tre-årig prosjekt, med hovudfokus på Flå, men slik at arbeidet kan vera til nytte for resten av Hallingdal, og ha overføringsverdi til andre

kommunar/regionar.

Flå Veksthus er planlagt etablert som ein møteplass og kontorfellesskap som m.a. skal gje plass til:

- Fløværingar/hallingar som i dag bur og arbeidar i Oslo-området, men som ynskjer å bu i Hallingdal, dersom det blir lagt til rette i forhold til kontorplassar og miljø.
- Hyttehallingar som ynskjer kontorfellesskap periodevis eller nokre dagar i veka.
- Næringsdrivande i Flå/Hallingdal
- Nyetableringar
- Flå kommune – administrasjon

Flå Veksthus skal også vera med på å motivere ungdom til å sjå mogelegheiter i eigen bygd og region.

Flå Veksthus blir og sett inn i satsinga Hallingdal har i prosjektet Hallingdal2020.

Dette er m.a. eit rekrutteringsprosjekt der arbeidet er spissa mot definerte målgrupper:

- Ung Halling, ungdom mellom 15 og 25 år som har vekse opp i Hallingdal
- Hyttefolk. I Hallingdal er det ca 16.000 hytter. Hyttefolket har allereie sterke relasjonar til Hallingdal. Med ei bevisst satsing og tilrettelegging vil hyttefolket utgjera ei målgruppe som framtidige «hallingar».
- Kvinne 28. Mange kvinner på ca. 28 år er stort sett ferdig utdanna, er ikkje etablert, har ikkje barn, er flyttbare, har ei lang yrkeskarriere framfor seg og er ressurssterke og endringsvillige.

I tillegg vil målgruppene vera:

- Familiar med barn under skolepliktig alder.
- Vaksne yrkesaktive med vaksne barn

Den bygningsmessige delen av Flå Veksthus er gjort mogeleg ved at Olav Thon har engasjert seg sterkt i næringsutvikling i Flå, og ynskjer no å bidra til etablering av eit veksthus i Flå. Prosjektering pågår, men storleik og innhald vil vera avhengig av dette prosjektet.

For at Flå Veksthus skal bli ein attraktiv møteplass vil det vera heilt avgjerande med ei tung og langsiktig satsing mot relevante målgrupper. I fyrste rekkje vil dette vera fløværingar/hallingar som kan tenkje seg å flytte attende, dersom forholda blir lagt til rette.

I denne samanheng blir det søkt om bulystmidlar for 2013. Det skal etablerast eit eige 3-årig prosjekt med hovudansvar å arbeide med:

- Fløværingar/hallingar som i dag bur og arbeidar i Oslo-området, men som ynskjer å bu i Hallingdal, dersom det blir lagt til rette i forhold til kontorplassar og miljø.
- Hyttehallingar som ynskjer kontorfellesskap periodevis eller nokre dagar i veka.
- Ungdom, for å sjå mogelegheiter i eigen bygd.

Som eit viktig bidrag er det i Flå kommune:

- Godt tilrettelagte bustadtomter
- Leilegheitsbygg med ledige leilegheita står klar til slag eller utleige
- Kommunen gir unge fyrstegongsetablerarar (under 35 år) inntil kr.100.000 i støtte ved kjøp av bustad.

## Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Flå kommune Org.nr:964951462	Kommunehuset 3539 FLÅ	-
Kontakt- person	Odd Egil Stavn	Kommunehuset 3539 FLÅ	901 39 958
Prosjekt- leder	-	-	-

Mottatt offentlig støtte tidligere: Nei

## Spesifikasjon

### Bakgrunn

Hallingdal er på mange måtar ein isolert bu- og arbeidsmarknadsregion, ein av regionane i Norge som har minst ut/inn pendling. Dette har gjort at Hallingdal i stor grad må sikre seg «eigen» arbeidskraft og «eigne» arbeidsplassar.

Med pågåande og planlagde samferdselsprosjekt ser me at Hallingdal etter kvart kan koblast saman med større arbeidsmarknadar. Og her er Flå den kommunen som vil koma nærast større arbeidsmarknadar.

### Prosjekt mål

- I løpet av fyrste år av prosjektperioden skal Flå Veksthus vera etablert
- I løpet av prosjektperioden skal 20 personar ha flytta attende til Hallingdal og tatt med seg jobben til Flå Veksthus.
- I løpet av prosjektperioden skal 10 personar i Hallingdal ha etablert seg i Flå Veksthus, for å få linken mot Oslo-området
- I løpet av prosjektperioden skal 10 kontor vera utleigd til HytteHallingar
- I løpet av prosjektperioden skal Flå Veksthus vera godt kjent og innarbeida i Hallingdal – særleg i forhold til ungdom og mogelegheita etter avslutta utdanning
- I løpet av prosjektperioden skal Flå Veksthus vera eit etablert godt miljø på tvers av fag, på tvers av kommune/næring.

### Forankring

Buskerud fylkeskommune har i sin regionale planstrategi for 2013 - 2016 slik visjon: "Et bærekraftig og innovativt Buskerud som fremmer næringsutvikling og bolyst."

Eit prioriterte område i planstrategi 2009- 2012 var ein interkommunal plan for "Kommuner med nedgang i folketallet". Dette blir no gjennomført som eit eit treårig prosjekt; "Velkommen til oss", der m.a. Flå kommune er med. Det er ikkje teke endeleg stilling til eventuell vidareføring av prosjektet etter 2013.

Regionrådet for Hallingdal (Hallingtinget) vedtok sin strategiske plan for perioden 2013 - 2016, hausten 2012. Hovudsatsinga er her bulyst/blilyst og rekruttering. I tillegg er utvikling av næringsklynger/veksthus prioriterte oppgåver.

I Regionrådet for Hallingdal sitt møte 22.2.2013 vart det gjort slikt vedtak: "Regionrådet for Hallingdal

støttar søknad frå Flå kommune om bulystmidlar 2013 «Flå kontoret», og ser det som ein god oppfølging av Hallingdal2020."

I Flå kommune sin kommuneplan (samfunnsdelen) frå 2011 er det eit konkret mål at utflytta hallingar skal ta med seg jobben frå Oslo-området og flytte attende til Flå. Hovudmålet i kommuneplanen er befolkningsvekst.

Prosjektet "Flå kontoret" vart handsama i Flå kommunestyre 22. februar 2013. Kommunestyret gav klarsignal for at det skal satsast på prosjekt.

### **Prosjektorganisering**

- Prosjektansvarleg: rådmann
- Styringsgruppe: Kommunestyret i Flå
- Prosjektleder: skal tilsetjast
- Referansegruppe: Rådmannen si leiargruppe, Buskerud Fylkeskommune, Regionrådet for Hallingdal, lokalt næringsliv / Thon-gruppen.

### **Samarbeidspartnere**

- Flå kommune
- Olav Thon – bygg
- Lokalt/regionalt næringsliv
- Regionrådet for Hallingdal
- Buskerud fylkeskommune
- Sparebank 1

### **Aktivitetar**

1. Arbeide med innspel til byggherre på kva som skal til for å gjera Flå Veksthus optimalt til formålet (felles kantine/møteplassar, breiband, videokonferanseutstyr m.m.)
2. Kartlegging av kven som arbeidar i Austlandsområde/Oslo, som er frå Hallingdal, og som kan tenke seg å flytte attende og bu i Hallingdal, dersom dei m.a kan sitja i eit arbeidsmiljø med nærleik til byen.
3. Arbeide mot større firma i Austlandsområdet i forhold til mogelegheiter for å kunne etablere seg i eit slikt miljø
4. Arbeide mot lokalt næringsliv i Hallingdal for å vurdere mogelegheitene for å kunne sitja i eit kontormiljø med nærleik til Oslo-området.
5. Arbeide med HytteHallingen – mogelegheit for å leige kontor nokre dagar i veka i eit attraktivt miljø – eller kanskje ta skrittet fullt ut og flytte til Hallingdal.
6. Arbeide mot ungdom som ikkje er flytta ut, men som kan tenke seg å jobbe fr Flå, eller koma tilbake til Hallingdal/Flå etter endt utdanning.
7. Laga pakker med tilrettelegging i forhold til busted, barnehage mv.

### **Målgrupper**

- Dei som kunne tenke seg å bu i Hallingdal, men ikkje gjer det fordi jobben i byen er for god/spennande
- Dei som har hytte i Hallingdal og kan tenke seg å jobbe nokre dagar i eit spennande kontormiljø på tvers av fag – på sikt kanskje flytte til Hallingdal
- Ungdom

**Resultat**

1. Få fleire busett i Flå og resten av Hallingdal
2. Skapa eit kontormiljø med nettverk og fagmiljø (også på tvers av fag)
3. Flytte kompetansesarbeidsplassar til distriktet
4. Kontormogelegheiter for HytteHallingen
5. Utsiktsmogelegheiter for ungdom i Hallingdal i forhold til å kunne bu i regionen samtidig med å ha eit «spennande» yrke
6. Mogelegheit for å få manglande kompetanse til Hallingdal – kompetanse som ikkje finnes i Hallingdal i dag.

**Effekter**

Utfordringar i forhold til befolkning, næringsliv og kompetanse heng nøye saman, og ved å løyse ein av dei, blir føresetnadane for å løyse dei andre styrka. Tiltaket skal vera med å gje auka verdiskaping og vekst både i innbyggjartal og i talet på arbeidsplassar.

Dei viktigaste momenta for at Flå Veksthus blir ein suksess er:

- Realisering av bygget, er avklart
- Reduksjon av reiseavstand til sentral austlandsområde, blir realisert sommar 2014
- Lokalt/regionalt engasjement og forankring
- Nasjonal politikk som byggjer opp om desentralisering av «kompetansesarbeidsplassar»

**Tids- og kostnadsplan****Tidsplan**

Tilsetting prosjektleiar	aug. 2013
Kartlegging	aug. 2013 – des.2013
Ferdigstilling Flå Veksthus	juni 2014
Kontinuerleg arbeid med tilflyttarar	2014 – juli 2016
Arbeide med firma i Austlandsområdet	2014 – juli 2016
Arbeide med lokalt næringsliv	2014 – juli 2016
Arbeide med ungdom	2014 – juli 2016
Arbeide med HytteHallingen	2014 – juli 2016
Laga pakker med tilrettelegging i forhold til bustad, barnehage mv	2014 – juli 2016

**Kostnadsplan**

Tittel	2013	2014	2015	2016	2017	SUM
Div. driftskostnadar	100 000	200 000	200 000			500 000
Marknadsføring	200 000	300 000	300 000			800 000
Prosjektleiar	300 000	700 000	700 000			1 700 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>600 000</b>	<b>1 200 000</b>	<b>1 200 000</b>			<b>3 000 000</b>

**Finansieringsplan**

Tittel	2013	2014	2015	2016	2017	SUM
Flå kommune	200 000	400 000	400 000			1 000 000

<b>Tittel</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>SUM</b>
Kommunal- og regionaldepartementet	1 500 000					1 500 000
Privat næringsliv	100 000	200 000	200 000			500 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>1 800 000</b>	<b>600 000</b>	<b>600 000</b>			<b>3 000 000</b>

## Geografi

615-Flå

## Vedleggsliste

<b>Dokumentnavn</b>	<b>Filstørrelse</b>	<b>Dato</b>